

STADNAMN EIKJABYGDA



1 EIKJABYGDA GRENDEHUS - LITT HISTORIE

Huset er bygd som bedehus og var ferdig og innvigd 10. juli 1960. Det var Eikjabygda Indremisjonsforening som trøngt eige hus til verksemda s. Kari og Gunnulf M. Staurheim gav gratis tomt til huset. Gjennom fleire år med innsamling og dugnadsarbeid for å skaffe midlar var det ein stolt leiar i byggekomiteen, Jørgen Olrud, som kunne overlevere huset til Gunnulf M. Staurheim som leiar i foreninga på opningsfesten. Byggestrane Andreas Løkslid frå Sveneide og Andres Hegnastykker frå Hørte hadde hovuddelen av snikkararbeidet på huset. I tillegg kom mange flittrige dugnadstimar. Det var stor aktivitet i huset, her hadde Indremisjonsforeninga sine møte, her var søndagskule, yngres og barneklubb. I fleire år vart også huser leigd ut til Bø kommune som hadde barnehage her.

I 1986 vart det grunnbora etter vatn, bygd nytt garderober- og toalettanlegg. Seinare når kommunen førte fram vatn og kloakk til grenda, kopa bedehuset seg på dette for å ha sikker og god vassforsyning.

Samfunnsutviklinga førte etter kvart til at ein såg at dei ville vera vanskeleg og kostbart å drifte alle bedehusa i bygda framover, i ei tid da avstandane ikkje betyr så mykje som tidlegare. Ønsket var å få eit moderne og framidsretta bedehus i Bø sentrum som kunne dekke heile bygda. I 2001 vart det derfor bestemt å selja huset og at salssummen skulle brukas på Bø bedehus.


Indremisjonsforeninga var opptatt av at huset skulle koma Eikjabygdningane til gode, og bestemte at ein ville selja huset svært rimeleg til Eikjabygda Vel, som overtok huset frå 2002.

Formann og varaformann i byggekomiteen, Jørgen Olrud og Gunnulf M. Staurheim framfor det nye bedehuset i Eikjabygda.



2 GAMLE BRESKHAUG

Den fyrste skulestova i Eikjabygda skulekrins vart bygd her tidleg på 1860-talet men vart i 1888 flytta til ny skuletomt.




Gjørmund Halvorson Eikjarud. Foto: Bø Museum

DEN FYRSTE ORDFØRAREN I BØ Gjørmund Halvorson Eikjarud f. 1793, d. 1871

Formannskapslova kom i 1837, det måtte da veljast ordførar og varaordførar i Bø. Delar av Eikjabygda høyrde da til Lunde, og Lunde var annekst til Bø.

17.12.1837 kom formannskapet i Bø og Lunde saman og valde Gjørmund Halvorson Eikjarud, frå Lunde, til ordførar. Varaordførar blei Halvor Halvorson Skogen frå Bø. Folket i den delen av Eikjabygda som høyrde til Lunde, søkte i 1838 om å bli lagt til Bø. Dette vart godkjent og gjennomført i 1839.

Gjørmund Halvorson Eikjarud var ordførar i to periodar fram til 1841. I storparten av hans tid som ordførar vart møta til både formannskap og heradstyre halde i stugo på Eikjarud. Denne stugubygninga vart bygd av ordføraren kring 1830, det var denne gamle Halvor Rolleson, far til ordføraren, kalla "Glaspalasset". Stugubygninga står på Eikjarud den dag i dag.



3 BRESKHAUG/EIKJABYGDA SKULE

Stortinget vedtok ny lov om landsfolkeskulen i 1860. No vart det slutt med omgangsskulen i Bø. Dei leigde lokale første åra, men etter kvart vart det bygd skulehus i alle kringane. Eikjabygda krins fekk skulehus sitt midt i 1860-åra. Det vart bygd på Breskhaug ved garden Brenne.

Det var eit lite hus med berre eit klasserom som hadde 4 vindauge med 4 ruter i kvart. Inngangsdøra var midt på eine langveggen. Langs heile baksida av huset og under same taket var eit tilbygg av bord med vedskjiv i eine enden og do i andre. Huset var ei tomme, panela utvendig og truleg kvitmåla. Innvendig var det tommerveggar. Troppa var av stein. Kjellar fanst ikkje, og loftet blei ikkje bruka.

Ved døra inne i klasserommet sto ein diger etasjoem. Bak i kroken sto ein vassbrette med ause i. Alle drakk av same ausa. I 1927 vart det innlagt vatn og montera drikkefontene, då vart det slutt på vassbretta og drikkeausa.

Inventaret var av enklaste slag. Det var tommarsplattar av tre med forbrett, skrå plate og eit fjøl øvst til å leggja skrivesaker på. Eit hol til blekkhus var det og, Inni var det rom til bokene. Det fanst nokre få hyllar og eit kateter. Læraren hadde skap til bokene og eit lite bord.

Denne skulestova vart i 1888 flytta ned i Eikjahamna (Østgardhamna) på bakken mot Eikjarud, men blei framleis kalla Breskhaug skule. Årsaka til denne flyttinga var at Roegrenda, Staurheim, Nerbo og gardane nordover til og med Moland vart lagt til Eikjabygda krins, og den nye skulestaden blei nok meir i sentrum av krinsen. Uvdal krins hadde eiga skulestove.

I 1931 vart skulen påbygd, slik at det no blei to klasserom, kjøkken og større gang. På denne tida kom det uthus, med jenteto, gutteto og vedskjiv. Elektrisk lys kom på midten av 1940-talet. Det vart og gjort ein del forbedringar i 1970-80 åra slik som: tilbygg med klosett og vindfang, elektriske omnar, ny kjøkkeninnreiring, seksjonsvegg mellom klasseromma og anna naudsynt vedlikehald.

Da skuleåret 1994-95 var slutt i juni 1995, vart Eikjabygda skule lagt ned, og elevane er sidan flytta til Bø skule. Med dette var ei om lag 130 år skulehistorie over i Eikjabygda. Skulehuset er nå ominnreidd og er i bruk som privat hus.


Utskrift frå protokoll ved innstilling av Halvor Bergset som ny lærar ved skulen i 1926.



3



Eikjabygda skule 1927, lærar Halvor Bergset. 1. r. frå v.: Halvor Kåsine, Ambros Nistås, Samuel Akvik, Torkil G. Moen, Olav Smedstad, Sveinung Kåsa, Halvor T. Moen, Olav Akvik, Gunnar S. Roe, Jørgen H. Roe, Halvor E. Dalen. 2. r.: Kjersti Espe-set, Tone Kåsene, Helga H. Dalen, Guro A. Kåsa (Myhre), Mari Hynne, Ragna Nymoen, Kari Moen, Ingebjørg I. Slåtta, Signe Hegna, Asta Kåsa, Kjersti T. Kåsa, Anne M. Eika, Mari Bogen, Berit Løvskeid, Helga Kåsine, Anne Kåsa. 3. r.: Else Veirud, Birgit Borgen (Babba), Kjersti Dalen, Ingrid Moen, Liv Myhre, Mari Bergvad, Gunnar Kåsine, Torkil Bergvad, Olav Bogen, Sveinung T. Roe, Gjørmund Eikjarud, Tor Hynne, Olav Hynne, Tollef Hegna, Sigurd Myhre.



5 EIKJARUD GRAVSTAD

En av landets få private kirkegårder ligger i Bø Kirkegården på Eikjarud er innviet i 1832 men ikke lenger i bruk

Det er ein av dei veldig få private kyrkjegårder som finst her i landet. Det var Halvor Rolleson Eikjarud, f. 1.1.1743, som ynskete å ha eigen gravstad på garden. Ved kongeleg resolusjon av 16. juli 1813 fekk han løyve til dette. Kyrkjegården vart vigsla i 1832, etter løyve frå kyrkjedepartementet. Gravstaden ligg på ein tørrlendt, idyllisk haug tett inn til skogen, i søraustre hjørnet av innmarka.

Her kviler desse tre: Liv Gjørmundsdotter Eikjarud, f. 12.5.1753, d. 7.3.1838, gravlagt 20.3.1838. (Ho er dermed den fyrste som vart gravlagt her). Halvor Rolleson Eikjarud, f. 1.1.1743, d. 8.6.1838, gravlagt 17.6.1838. Desse to var foreldra til den fyrste ordføraren i Bø, Gjørmund Halvorson Eikjarud. Gjørmund Halvorson Eikjarud, f. 30.7.1793, d. 20.10.1871, gravlagt 31.10.1871.

